

Seglingsvedtekter

Ran Seilforenings klubbmesterskap for T/H

Sundag 30. september 2012



1 Reglar

- Regattaen vil vera underlagt reglane slik dei er definert i kappseilingsreglene 2009-2012
- Det vert segla på LYS


Klubbmeisterskapet er meint som ein lågterskelsregatta der alle i Ran Seilforening kan delta, uavhengig av tidligare regattaerfaring. Intensjonen er å få flest mogleg båtar med samt å gje jolleseglarar og foreldre høve til å prøva regattasegling med større båtar.

2. Endringar i seglingsvedtektene

Eventuelle endringar i seglingsvedtektene vil verta kunngjort på oppslagstavla ved regattakontoret i klubbhuset og på www.ranseil.no.

3. Signal på land

3.1 Signal på land vil verta vist på signalmast på klubbhuset til Ran Seilforening.

3.2 Når signalflegg AP  vert vist på land skal *eit minutt* i Signal for kappseglas AP erstattast med *ikkje mindre enn 60 minutt*.

4. Tidsprogram for seglasane


Sundag 30. september kl. 11.30: fyrste varselsignal.

Merk at starten skjer i pausen mellom Eintyperegattaen sitt fyrste og andre løp, og at det difor kan verta forskyvingar på starttidspunktet.

5. Startområde og startlinje

Startlinja er ein del av startlinja/porten og mållinja til RAN Eintype Regatta, altså to utlagde raude kuleforma bøyar. Startlinja vert anten i området nord for Geitanger eller i Hauglandsosen. Melding om dette vert kunngjort ved oppslag ved regattakontoret seinast søndag kl. 0930.

8. Baneområde, merker og løpsalternativ







NB! Dette kartutsnittet av sjøkart 23 bør ikkje nyttast til å navigera etter!

Sjå vedlegg A for info om merke 1.

Løpsalternativ vert vist med nummerskilt på startbåten seinast ved varselsignal.

8. Starten

Starten skjer i samsvar med regel 26:

	Minutt til start			
Varselsignal	5	11.30		↑
Klarsignal	4	11.31		↑
Ett minutt	1	11.34		↓
Startsignal	0	11.35		↓

10.3 Ein båt som startar seinare enn 10 minutt etter sitt startsignal vil verta notert som DNS (starta ikkje). Dette endrar regel A4.1.

9. Avkorting

11.1 Signal om avkorting av løpet vil verta gitt i samsvar med regel 32.2 gjennom å visa



signalflagg S ved eit merke i løpet. Mållinja vil då vera som skildra i regel 32.2 (a).

Eventuell avkorting ved merke 3 og 4 vil gjerast slik det er vist med svart strek på kartet i punkt 7.

10. Mål

Mållinja vil vera mellom flaggstonga på Ran Seilforening sitt nye klubbhus og oransje bøye på vestsida av Småholmane i Anglevik.


11. Maksimaltid

Båtar som ikkje går i mål innan klokka 1500 vert notert som DNF. Dette endrar regel 35.

12. Protestar og søknader om godtgjersle

12.1 Protestskjema vert utlevert på regattakontoret. Protestar skal leverast der innan protestfristen. Det er ingen protestavgift.

12.2 Protestfristen er 30 minutt etter at at siste båt har fullført. Same frist gjeld òg for protestar frå regattakomiteen og protestkomiteen for hendingar som dei har observert i baneområdet og for søknader om godtgjersle. Dette endrar reglane 61.3 og 62.2. Opplysning om protestfrist vil verta slått opp på oppslagstavla.

12.3 Flag B  heist med eit langt lydsignal tyder at det er motteke protest. Signalflagg B vert firt når dagens protestar er handsama. Melding om protestar vil verta slått opp på oppslagstavla fortløpande, og seinast 15 minutter etter protestfristen sitt utløp, for å underretta deltakarane om høyringar der dei er parter eller er oppnevnt som vitne. Dette gjeld som melding til involverte båtar, òg for protestar frå regattakomiteen eller protestkomiteen, i samsvar med regel 61.1 (b). Høyringane vil gå føre seg i Ranheim.

13. Premiar og premieutdeling

Premieutdeling finn stad i Anglevik så snart som råd etter at sundagens seglasar er avvikla og eventuelle protestar handsama. Det vert premiering til 1/3 av startande båtar.

14. Ansvarsfråskriving

Deltakarar i regattaen deltar eine og åleine på eige ansvar, jamfør regel 4. Arrangøren vil ikkje akseptera noko ansvar for skade på materiell eller person eller dødsfall, som har inntruffe i samband med arrangementet, verken før, under eller etter regattaen.


Spørsmål om regattaen kan rettast til Kjell Magnus Økland, telefon 95 04 67 39.

Ran Seilforening ynskjer å publisera bilete frå seglasen. Send difor inn bilete til e-post adressa ranbilder@gmail.com innan 24 timar etter seglasen og dei vert publisert i Ran Seilforening sitt bildegalleri på www.ranseil.no



God seglas!

Vedlegg A:



Midt i Gaupesund går ei 20 meter brei renne med over 4 meter djupne.
Ver merksam på grunt område på nordspissen av Gaupo.